

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 16.09.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Prosjektinvesteringar i IKT i Helse Vest 2019 - auka investeringsramme**

**ARKIVSAK:** 2019/6180  
**STYRESAK:** 102/19

**STYREMØTE:** 30.09.2019

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner å utvide investeringsramme for IKT-portefølje 2019 med 50 mill. kroner til 450 mill. kroner

## Oppsummering


Helse Vest RHF behandla i møte 6. mars 2019 sak 021/19 Prosjektinvesteringar i IKT i Helse Vest 2019. Det blei i denne saka gitt ei orientering om status prosjektinvesteringar i IKT. Investeringsramma blei i denne saka fastsatt til 400 mill. kroner for 2019.

Som oppfølging av denne saka har det blitt gitt ein munnleg orientering om status på IKT investeringar i styremøte den 18. juni og 5. september der det er orientert om risiko for overforbruk i IKT-porteføljen for 2019.

Helse Vest IKT ser det no som naudsynt å be om ei auka investeringsramme til 450 mill. kroner for 2019, og det er med bakgrunn i dette administrerande direktør no legg fram sak om auka investeringsramme for 2019.

## Fakta

Heilt sidan Helse Vest vart etablert i 2002 og fram til i dag har investeringane i IKT-teknologi for effektivisering og forbetring auka jamt og trutt. Figuren nedanfor viser auken i reine investeringar. Direkte kostnader og innsatsen frå eigne medarbeidarar kjem i tillegg. Grafen viser tilgjengeleg budsjettramme, medan dei blå felt viser resultatet/forventa resultat.



Oversikten viser at det historisk sett har vært eit underforbruk i forhold til budsjett i IKT-porteføljen. Mykje av dette kjem av forseinkingar som i neste omgang gir auka aktivitet seinare år. I løpet av perioden desember 2018 – juni 2019 er det gjennomført 10 store produksjonssettingar, og ein har gjennom dette tatt igjen noko av forseinkingane. Dette har mellom anna gjort det naudsynt med ekstra ressursbruk frå både interne og eksterne ressursar.

Prognose for investeringar i IKT-portefølje 2019 viser nå 450 mill. kroner, og overforbruket er i hovudsak knytt til følgande områder:

- Ekstra kostnader til lagring av bilde i røntgenløysning «Sectra» i ein dedikert lagerløysning som blei godkjent i porteføljestyret 11. mars med 10 mill. kroner.
- Ekstra kostnader til migrering av data frå dagens Agfa-røntgenløysning i Helse Bergen til ny røntgenløysning «Sectra» blei godkjent i porteføljestyret 11. mars med 5 mill. kroner
- Ekstra kostnader til meirforbruk av interne og eksterne ressursar ved innføring av ny kurveløysning «KULE» blei godkjent i porteføljestyret 2. september med 5,2 mill. kroner.
- Ekstra kostnader til meirforbruk av interne og eksterne ressursar ved innføring av ny røntgenløysning «Sectra» i føretaka våren 2019 ble godkjent i porteføljestyret 2. september med 7,5 mill. kroner.
- Ekstra kostnader til konsolidering av ortopediverktøy i ny røntgenløysning Sectra (opsjon i avtale) blei godkjent i porteføljestyret 2. september med 1,6 mill. kroner.
- Ekstra kostnader til meirforbruk av interne og eksterne ressursar, samt forliksavtaler med IBM som følge av forseinkingar i innføring Libra (SAP) blei godkjent i porteføljestyret 2. september med 19 mill. kroner.

I IKT-portefølje 2019 er alle program og prosjekt vurdert i forhold til mulige innstramningar og utsettingar som kan redusere overforbruk. I dette arbeidet er det gitt avgrensingar i følgjande områder:

- I program «Alle møter» er start av «Felles timebok» og «Ny helhetlig SMS-løysning» utsatt.
- I prosjekt «Celleterapi» er start utsatt.
- I prosjekt «Digital Patologi» er investeringstidspunkt utsatt.
- I prosjekt «AMK IKT» er investeringstidspunkt utstatt.

Samla sett gir dette ei prognose per juli på 450 mill. kroner, ein auke i forhold til opphavleg budsjett på 50 mill. kroner. Det er usikkerhet i prognosen, spesielt gjeld dette innføring av «Libra», der det nå er vedtatt endra innføringsrekkefølge.

I sak 007/19 blei Konsernbudsjett med tilhøyrande investeringsbudsjett behandla. Denne viser at Helse Vest samla sett har finansielt grunnlag i 2019 til å handtere ei auka investeringsramme på IKT investeringar. Det er då og tatt omsyn til at det i sak 089/19 blei gitt internt lån til Helikopterbase ved SUS2023 på 57 mill. kroner.

## Konklusjon

Det er planlagt høg prosjektaktivitet i 2019 for å ferdigstille og realisere verdi av dei mange anskaffingar som er gjennomført, samt å sikre innføring i verksemdene innan eit forsvarleg tidsrom.

Administrerende direktør vil derfor tilrå at investeringsramma blir auka med 50 mill. kroner i 2019 til 450 mill. kroner for å oppretthalde framdrifta og sikre at nye løysingar, prosessar og rutinar med tilhøyrande verdiskaping i verksemdene blir ført vidare på ein god måte.

Administrerende direktør vil derfor tilrå følgjande vedtak:

Styret godkjenner å utvide investeringsramme for IKT-portefølje 2019 med 50 mill. kroner til 450 mill. kroner